



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/19	Formannskapet	06.06.2019
033/19	Kommunestyret	19.06.2019

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/849 - 3
------------------------------------	---------------	--------------------------------

Privat reguleringsplan for ny golfbane på Ljøsne

Kort samandrag:

Lærdal Golfklubb har i lang tid vurdert ulike areal i Lærdal til ny golfbane. Dei ynskjer no å gå i gang med reguleringsplanarbeid for ny golfbane på Ljøsne.

Rådmannen si tilråding:

Kommunen stiller seg positiv til oppstart av reguleringsplan på Ljøsne, i samsvar med framlegg til planområde skissert av Lærdal Golfklubb. Reguleringsplanen vert privat detaljregulering i medhald av Plan- og bygningslova § 12-3, og kommunen meiner det er viktig med konsekvensutgreiing for landbruk og biologisk mangfald i planarbeidet.

06.06.2019 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-074/19 Vedtak:

Kommunen stiller seg positiv til oppstart av reguleringsplan på Ljøsne, i samsvar med framlegg til planområde skissert av Lærdal Golfklubb. Reguleringsplanen vert privat detaljregulering i medhald av Plan- og bygningslova § 12-3, og kommunen meiner det er viktig med konsekvensutgreiing for landbruk og biologisk mangfald i planarbeidet.

19.06.2019 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-033/19 Vedtak:

Kommunen stiller seg positiv til oppstart av reguleringsplan på Ljøsne, i samsvar med framlegg til planområde skissert av Lærdal Golfklubb. Reguleringsplanen vert privat detaljregulering i medhald av Plan- og bygningslova § 12-3, og kommunen meiner det er viktig med konsekvensutgreiing for landbruk og biologisk mangfald i planarbeidet.

Vedlegg:

Oppstart reguleringsplan arbeid ny golfbane Ljøsne
2019-05 Lærdal Golfklubb - ljosne_areal med rød linje
Oppstartsmøte for privat reguleringsplan 24.05.2019 - referat

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §§12-3 og 12-8.

Saksutgreiing

Lærdal Golfklubb har sidan 2000 disponert areal på Rikheim på Ljøsne til golfbane. Bana er i dag ei 6-hols golfbane. For meir skildring av Lærdal Golfklubb og bane/banebehov vert det vist til vedlagde skriv frå Lærdal Golfklubb ved leiar Lorentz Petter Lossius datert 24.05.2019.

Grunneigarane på Rikheim har no behov for arealet sjølv til beite, og golfklubben ynskjer difor å vurdere å etablere ny golfbane i Lærdal. Dei har sidan 2017 hatt ein prosess med vurdering av ulike lokalitetar, dialog med grunneigarar og rundar internt i golfklubben om etablering av ny bane. Kommunen har delteke på fleire møter i prosessen.

Lærdal Golfklubb har no fått avtalar med fleire grunneigarar på Ljøsne om å få etablert ei golfbane langs Lærdalselva, på begge sider av elva. Etableringa er tenkt som ei 9-hols bane, og inneberer ei bru over Lærdalselva, og mogleg bruk av låvebygning i gardstunet til Brita E. Zwart til lager, toalett osv.

Lærdal kommune hadde formeldt oppstartsmøte (i medhald av Plan- og bygningslova § 12-8) med Lærdal Golfklubb om oppstart av detaljregulering. Referat frå oppstartsmøte er vedlagd.

Vurdering

Lærdal Golfklubb er i ein forstudie-fase for ny golfbane i Lærdal, med støtte frå Lærdal Næringsutvikling til denne fasen. Klubben ynskjer no å starte reguleringsplanarbeid, då eit oppstartsvarsel for planarbeid vil medføre innspel som kan seia noko meir om krav til innhald i den vidare prosessen.

Administrasjonen har vore i fleire møter med Lærdal Golfklubb om saka, og seinast formelt oppstartsmøte 24.05.19. Det vart her peika på viktigheita av å utgreie konsekvensane for landbruket spesielt, og få gjennomført biologisk mangfald-registrering i planarbeidet. Administrasjonen rådde også til at golfklubben starta ein god dialog med Lærdal Bondelag og kulturavdelinga tidleg i planprosessen.

Området som vert vurdert som areal for ny golfbane i Lærdal er også spela inn til arealdelen-prosessen som pågår. Arealet er noko dyrka mark og noko attgroingsareal.

Lærdal Golfklubb har engasjert Harald Husabø som prosjektleiar for etablering av ny golfbane, og vil engasjere konsulentfirma som skal utarbeide detaljreguleringsplanen.

Kongevegtraseen ligg like ved planområdet, og området inneheld attraktiv strekning for laksefiske i Lærdalselva. Saman med ei golfbane i området, kan ein sjå føre seg ulike «spin-off»-effektar frå etablering av golfbane som kan vera positivt for reiseliv- og anna næringsutvikling i Lærdal. Det må vurderast nøye konsekvensane av å omdisponere landbruksarealet til golfbane, og eit godt arealrekneskap i forhold til at arealet til etablert golfbane då vert omdisponert tilbake til landbruk.

Administrasjonen meiner at Lærdal Golfklubb har gjort eit grundig forarbeid for vurdering av areal til ny golfbane i Lærdal, og at det ligg til rette for å starte privat reguleringsplanarbeid på arealet. Administrasjonen meiner kommunen kan stille seg positiv til planinitiativet, og meiner ein planprosess kan gje gode svar på om arealet er godt eigna til golfbane, og eventuelle konsekvensar av omdisponeringa.